



Kvartett frå Sunnfjord og Uskedalen kosar seg i Tlaren. Frå venstre sit Anita Helleland Hauge, Marthe Hauge Aase, Linnea Helleland Hauge og Emly Nancy Aase.

**Det er vinterferie og Uskedalen er då eit naturleg mål for mange, til dømes for Marthe Hauge Aase og Emly Nancy Aase som bur på Skilbrei i Sunnfjord.**

**- Og tysdagskafeen er eit like naturleg mål når vi er her, seier Marthe som har røtene sine i Halsabrotet men til dagleg er sjukepleiar ved sjukehuset i Førde. Ho presenterar seg også som ein trufast lesar av uskedalen.no**



Han som fekk ein dukkert

Det har vore eit visst innslag av vinterferiegjestar i Cafe Tlaren i dag, slik at besøkstalet kom opp i 42 vaksne og 1 born. Og det var faktisk så gledeleg mange som 10 som gjekk turern over Dønhaug først men i den flokken var det ingen vinterferierande.

Ettersom det sist tysdag kom 30 vaksne og 4 born i statistikken må det slåast fast at tala peikar den rette vegen også på nyåret. Men det må også innskytast at det var uhyggeleg glatt på den siste opningsdagen,

I går var det forresten ikkje berre innfødte og sunnfjordingar å sjå i lokalet, det var også ein gjest som kunngjorde over heile ryggtavla at han hadde fått eit ufrivilleg bad.

Kven det var? Det vil vi ikkje kunngjera, berre slå fast at det skjedde i Kristiansand for lang tid sidan!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen